

Fra: Ingvald Frøyen (ingvaldf@nms.no)

Sendt: 07.03.2017 13:07:10

Til: Svein Dyrødal

Kopi: Grethe Lunde

Emne: Søknad om tildeling av utrangerte PC-ar frå Hordaland fylkeskommune

Vedlegg:

Hordaland Fylkeskommune

v/ Svein Dyrødal

Vi syner til kunngjeringa på Fylkeskommunen si heimeside om at det er mogeleg å søke om tildeling av brukte PC-ar.

Vi vil med dette legge inn ein søknad på vegne av Det Teologiske Seminaret (presteskulen) i Meiganga i Kamerun om å få tildelt 15 pc-ar.

Skulen er eigd og vert drifta av den Lutherske kyrkja i Kamerun og vi i Det Norske Misjonsselskap(NMS) er samarbeidspartnar. Skulen har for tida 52 studentar og korkje skulen eller studentane er i posisjon til å kunne skaffe seg pc til bruk i studiane.

Presteskulen i Meiganga har eit fagleg samarbeid med høgskulen VID-Stavanger, og har jevnleg besøk av gjestelærarar frå Noreg, også frå Hordaland.

I eit land der det er særst vanskeleg å få tak i faglitteratur i bokhandel og der prisane på bøker er slik at vanlege studentar ikkje har råd, vert tilgangen til nettbasert litteratur og fagartiklar utruleg viktig. Det gir og studentane høve til å knyte kontaktar med fagmiljø og studentar utanfor deira eige område via ulike nettfora.

Vi har som organisasjon vore engasjerte i Kamerun i mange tiår og skulearbeid og utdanning har heile vegen vore ein viktig del av vår satsing.

Vi vonar på eit positivt svar.

På vegne av NMS-Bjørgvin
Ingvald Andersen Frøyen
Rådgjevar i NMS-Global

tlf. 40406046

e-post: iaf@nms.no

Vår Adresse i Bergen er Dreggsalmenning 20, 5003 Bergen

Vår offisielle heimeside er www.nms.no